

Vellvære

TEMA



Audun og Liv Vevatne er ikkje i tvil om at eit opphold og behandling ved Dødehavsklinikken gjev gode resultat.

Får «nytt» liv ved Dødehavet



Området der klinikken er, har kring 330 soldagar og ei nedbørsmengd på mindre enn 45 millimeter kvart år.



**Ei norsk avdeling
ved Dødehavsklinikken gjev
rehabilitering og behandel-
ing av beste sort for ulike kron-
iske sjukdommar.**

Dødehavet har ei unik plassering i ein ørken,

420 meter under havoverflata. Dette medfører spesielle klimatiske forhold, med stabil og høg temperatur, lågt fuktinhald, høgt barometertrykk og oksygenrik luft.

Dødehavsmudderet
Lista kan supplerast

med at lufta er rik på magnesium og brom, låg intensitet av ultrafiolett A og B-stråling, som gjer ei trygg soleksponering mogeleg, og som er ein viktig del av den medisinske klimabehandlinga. I tillegg har Dødehavet den høgaste konsentrasjonen

av mineralsalt og svovel, noko som finst i Dødehavsmudderet. Ved Dødehavet har det vore drive behandling og forsking i over 50 år. Medisinsk direktør og dr. Marco Harari har utvikla medisinsk klimabehandling, i samarbeid med medisinske professorar

ved undervisningssjukehusa og norsk behandlarteam, til å vera mellom dei beste behandlingsalternativa ved mange kroniske sjukdommar.

I Turnhallen
Målgruppene er dei som slit med muskel- og skjelettlidningar, fi-

Stord Idrettspark gml.hallen
Vikahaugane, 5411 Stord
epost: post@stordakupunktur.no

Timebestilling:
Tlf. 40 49 94 40



Randi A. Tverborgvik
Off. godkjent sjukepleiar
Medl. NSF Akupunktør
Medl. NAFO

www.stordakupunktur.no

**Mer tid, mer penger,
bedre helse...**

Når man trekker fra den tiden man sover, jobber, reiser til og fra jobben og alt det andre man bare må gjøre hver eneste dag, så har de fleste bare et par timer i døgnet til å gjøre det de egentlig ønsker, forutsatt at man har penger og helse til å gjøre det. Vi har funnet en måte å eie sitt eget liv gjennom å bygge en hjemmebasert virksomhet. Systemet er så enkelt at alle kan få det til. Du trenger ikke selge noe og det krever ikke alt for mye tid av deg heller...

www.fremtidsskapern.no - Tlf. 450 10 469

**Ortopediske
hjelpe midler**

20/1 kommer vår ortopedi-ingeniør til Fylkessjukehuset på Stord.

**Ring 55 20 64 60
for timebestilling**

DREVELIN AS
Møllendalsveien 8, 5009 Bergen

HERBALIFE®
Selvstendig Distributør

**Meir energi/
ned i vekt?
Eksta inntekt?**

Tlf. 911 72 537



Klinikken held til i Lot Hotel.

bromyalgi, kronisk utmattningssyndrom (ME), kroniske smertetilstandar, belastnings- og slitasjelidningar, revmatiske sjukdommar, hudlidningar som psoriasis, atopisk eksem og kroniske lunge-sjukdommar som astma og KOLS.

Alt dette skal overlege Elisabeth Dramsdahl fortelja om når ho kjem til Stord tirsdag 26. januar. I Turnhallen får interesserte høve til å møta Dramsdahl og høyra om denne unike klinikken i Lot Hotel, som ligg ved sjøkanten i sørrenden av Dødehavet.

Norsk team

Dramsdahl oppdaga sjølv helseeffekten av

oppaldet og behandlinga og ynskte å skapa eit tilbod der for norske. Den norske avdelinga fekk ho saman med andre realisert i 2004. Dei norske gruppene som reiser til klinikken får opphold på tre veker.

,

Eg vart imponert og begeistra for alt.

Liv Vevatne

Dei er knytte til eit norsk team, med både fysioterapeut og sjukepleiar. Overlege

Dramsdahl er òg med dei.

– Etter å ha levd eit liv med svekka helse og førleik, har eg opplevd å finna nytt livsmot og krefter ved denne Dødehavsklinikken, der klima- og fysikalsk medisinsk behandling og livsstyrketrenng står sentralt, seier Dramsdahl, som har ei sentral rolle ved den norske avdelinga.

God effekt

Ekteparet Audun og Liv Vevatne, han lege ho sjukepleiar, har òg opplevd kvalitetane ved Dødehavsklinikken. For to år sidan var dei på kurs

der, det var då dei oppdaga staden.

– Eg vart imponert og begeistra for alt. Heilskapen var solid, me fekk kognitiv undervisning, atmosfæren var god og ein føler seg «heime». Sjølv fekk eg oppleva god effekt av behandlinga, seier Liv Vevatne, som i tida som kjem skal jobba der i periodar på tre veker. Den medisinske klimabehandlinga omfattar m.a. varm mudderinnpakking, varme mineralske svovelbad og gymnastikk i Dødehavet.

HANS OLE DALLAND
hans.ole@sunnhordland.no

Startar kurs i refleksologi

Arve Fahlvik driv med refleksologi. No ynskjer han fleire kollegaer.

Alt komande torsdag inviterer haugesundaren til informasjonsmøte på Stord vidaregåande skule, avdeling Vabakken (gamle yrkesskulen). Fahlvik er norsk representant for Kairon (Karl Axel Lind sin skule), som underviser i refleksologi. Undervisninga består av kvelds- og heltekurs fordelt ut over to år. I tillegg kjem praksis og eigen innsats mellom kursa. Dei som fullfører kan verta medlemmer i Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH).

– Me ynskjer å starta undervisning på Stord i løpet av februar, i nærliken av Leirvik. Undervisninga vil skje på kveldar og i helgane, opplyser Fahlvik.

For å kunne starta slik undervisning må han ha minst fem deltakrar.

Refleksologi er på mange måtar likt soneterapi, men refleksologane jobbar på heile kroppen. I behandlinga brukar dei trykk og strykningar for å løysa opp spenningar i kroppen, men i motsetnad til andre behandlingsformer så jobbar dei indirekte. Det vil seja at dersom ein pasient har skulderproblem, så vert ikkje skuldra rørt.

– Me jobbar både med mentale og fysiske problem. Det meste av problema folk har sit mellom øyra, forklarar Fahlvik, som både kan

førebyggja og ordna opp etter at problem har oppstått.

– Noko av det eg har jobba mykje med i det siste er fertilitet, migréne, øyresus, stress og leddsmerter, fortel Fahlvik.

Særleg innan øyresus (tinnitus) har Fahlvik engasjert seg, mykje fordi både skulemedisin og alternativ medisin har hatt lite å bidra med overfor pasientar med slike plager.

Refleksologi vert rekna som alternativ medisin, noko som ikkje alltid er like akseptert av legar og det offentlege helsevesen.

– Eg føler at refleksologi er blant den delen av alternativ medisin som er mest akseptert, seier Arve Fahlvik.

I mai i fjor avslutta han eit liknande kurs i Haugesund. Der vart ti personar ferdig utdanna. Dei kom frå Etne, Sveio, Odda, Karmøy, Tysvær og Haugesund.

MAGNE KYDLAND

magne@sunnhordland.no



Arve Fahlvik planlegg å starta refleksologikurs på Stord - dersom det er stor nok interesse for det.

FOTO: BENTE KVILHAUGSVIK

TANGO Bytunet
Tlf. 53 40 10 40

Opningstider:
Mandag–fredag 10.00–19.00
Laurdag 10.00–16.00

Frisør og make-up artist

Pepper
hårstudio

Camilla Frisør Linn Tove Frisør Trine Permisjon Helga Frisør Daniella Lærling

Ope: Man 09-16 • Tirs-fre 09-18 • Laurdag 09-14

Timebestilling på tlf. 53 40 10 00 eller www.ledigtime.no

Borggata 37

Me har drop-in kvar dag!

Start no!
...føl deg vel heile året!

PRØV BAILINE DU OG!

Ring for gratis prøvetime

bailine
RANDI O. NESSE tlf. 906 37 074/53 41 11 70
Hamnegt. 20, Leirvik, STORD

Ope: Man.-tors. 10-18 • Fredag stengt